

SØKNAD OM KULTURMIDLAR våren 2015

INFORMASJON om prosjektet det blir søkt om midlar til.

Søknaden gjeld tilskot til materiale til benkar rundt fotballbana (grasbana) og til benkar og hinderløype langs naturstien attmed skulane.

Grasbana er mykje i bruk til trening og fotballkampar, men der er få sitjeplassar for folk som er med på sidelinja. Fleire benkar fordelt rundt bana kan føre til at fleire tar turen ut og deltek på dei arrangement som idrettslaget har på bana. Heiagjengane er viktige for å halde oppe motivasjonen for spelarane – både på trening og kampar.

Naturstien er allereie teken i bruk av mange, men benkar og hinderløype-postar langs løypa vil gjere den meir attraktiv for fleire og føre til at folk i ulike aldrar kjem seg oftare ut i naturen.

Benkane og hinderløype-postane vil bli laga på dugnad som eit samarbeidsprosjekt mellom idrettslaget, utearealsgruppa og skulane. Vi planlegg å lage nokre av benkane langs grasbana med bord og sitjeplass, medan benkane langs turstien vil bli laga i noko enklare stil.

Kommentar ang. leiar og kasserar for Eikanger Idrettslag:

I søknaden er det den nye leiaren for Eikanger Idrettslag som er ført opp. Han er nyleg vald og har så vidt kome i gong som leiar. Kasseraren som er ført opp i skjemaet er og ny i vervet.

Dersom det er spørsmål til denne søknaden kan det difor vere greit at ein av følgjande personar blir kontakta:

Spørsmål som gjeld idrettslaget:

Tidlegare leiar Ingvard Jordal, tlf. 47864129, e-post ijordal@frisurf.no

Spørsmål ang. søknaden:

underteikna (sekretær for utearealsgruppa) -

Solfrid Marie Hindenes, tlf. 90117981, e-post solmarihi@hotmail.com

Solfrid Marie Hindenes

- på vegne av EIL og utearealsgruppa på Ostereidet